

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FØRDE HF

MØTEDATO: 18.03.2022, kl. 09:30-15:15
MØTESTAD: Scandic Sunnfjord hotell, Førde

Styremøte var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Marit Hermansen	Medlem (deltok digitalt)
Ivar Eriksen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem (deltok digitalt)
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem

Forfall

Eiliv Berdal	Observatør
--------------	------------

Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør
Børge Tvedt, direktør Psykisk helsevern
Tom Guldhav, direktør Kirurgisk klinikk
Trine Vingsnes, direktør Medisinsk klinikk
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør
Øystein Hellesest, økonomidirektør
Arne Skjelten, HR-direktør
Asle Kjørlaus, kst. fagdirektør
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef
Frode Schanke, IKT-sjef
Kjell Inge Solhaug, prosjektdirektør
Berit Irene Haarklau, referent

Andre deltakarar

Helene Langeland, sjukehusprest
Laila Solheimslid, revisor BDO

SAKLISTE

Saksnr.	Sakstittel
009/2022	Godkjenning av innkalling og dagsorden
010/2022	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 28.01.2022
011/2022	Administrerande direktør si orientering
012/2022	Rapportering frå verksemda per februar 2022
013/2022	Årsmelding 2021 - Helse Førde HF
014/2022	Årsrekneskap 2021 – Helse Førde HF
015/2022	Styringsdokument 2022 for Helse Førde HF
016/2022	Risikostyring 2022
017/2022	Leiinga sin gjennomgang 3. tertial 2021
Saker til orientering:	
018/2022	Nye Førde sjukehus - løypemelding
019/2022	Revidert regional retningslinje for varsling
020/2022	Eventuelt Skriv og meldingar
<u>Lukka del:</u>	
021/2022	Lønsforhandlingar 2022 – fullmakt

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Ole Gunnar Krakhellen ønska styret og administrasjonen velkommen til første styremøte etter oppnemning i føretaksmøte.

Ny styremedlem Marit Hermansen vart ønska velkommen, ho deltok digitalt.

Det var ein presentasjonsrunde av alle i styret og deltakarar frå administrasjonen.

STYREMØTE STARTA MED FAGLEG ORIENTERING

Adm. direktør Varden og HR-direktør Skjelten innleia om sjukehuspresten sin rolle.

Sjukehusprest Helene Langeland orienterte om «**Den gode samtalen**»

Kvardagen som sjukehusprest:

- «Den gode samtalen» - er samtalen med pasienten, pårørende og tilsette
- Sjukehuspresten deltek i fleire utval: klinisk etikk komite, palliativt team m.m.
- Den gode samtalen foregår i somatikk og psykiatri
- Den gode samtalen foregår på alle sengepostar, på prestekontoret, i kapellet

Dei fleste samtaler handlar om å kome vidare i livet.

«Den gode samtalen», vart skildra tre pasienthistorier som var anonymisert

- Pasient i 60-åra treng narkose og operasjon
- Pasient i 40-åra ved medisinsk avdeling er i livstruande fase
- Pasient 28 år, ofte kalla langliggar

Desse pasienthistoriene handlar om somatikk og psykisk helsevern. Sjukehuspresten sitt arbeid viser til samarbeid mellom somatikk og psykisk helsevern, her har vi eit muligheitsrom som vi kan jobbe vidare med. Sjukehuspresten tilbyr traumebevist omsorg. Samhandling med kommunane er også eit område vi kunne jobbe vidare med.

Prestetenesta i Lærdal og Nordfjordeid vart forklara.

Styret takka for ei interessant orientering, med refleksjonar og innspel til adm. direktør og styret.

Sak 009/2022 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar Krakhellen leia møtet og orienterte om dagsorden

- Styremøte hadde fagleg orientering
- Styremedlemmene Marit Hermansen og Randi Aven deltok digitalt
- Observatør Eiliv Berdal hadde forfall
- Revisor deltek under årsmelding og årsrekneskap, også lukka del mellom styret og revisor før vedtak i sakene 013 og 014
- I lukka del om lønnsforhandlingar deltek kun dei eigaroppnemnde medlemmene
- Tre dokument vart utsendt til Skriv og meldingar
- To nye dokument var utdelt, blir også lagt i Admincontrol
- Punkt til Eventuelt: ny dato for styremøte i mai

Adm. direktør Varden orienterte om nye skriv og meldingar som var utdelt.

- Brev til Fylkesutvalet vedr. «PS 54/2022 Beredskapssamband ferje mellom Askvoll og Atløy»
- Notat vedr. «Vedtak – Flytting av dagbil frå Luster til Sogndal ambulansestasjon»

Vedtak (samrøystes):

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

Sak 010/2022 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 28.01.2022

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 28.01.2022.

Sak 011/2022 Administrerende direktør si orientering

Adm. direktør Varden innleia om:

- Punkt 6 om nasjonal kvalitetsindikatorar utgår, blir orientering til neste styremøte
- Oppdatering om Prehospital plan. Var møte 7. mars med Bremanger kommune. Det er god dialog med Bremanger kommune og Askvoll kommune.

Direktør Guldhav orienterte om prøvetur og kai-muligheter for nye ambulansébåtar.

1. Rapportering tilsynssaker

Statsforvaltaren sitt tilsyn med Barne- og ungdomsavdelinga, seksjon for barn og unge, har eit avvik.

Direktør Vingsnes orienterte om status i saka. Dette var eit nasjonalt tilsyn.

Styret kommenterte at denne saka blir svært viktig å følgje opp.

Styret etterspør ei ny munnleg orientering om status i saka til neste styremøte.

2. Oversikt over aktuelle høyringar

3. Saker til oppfølging etter styremøte

4. Beredskap – status i Helse Førde

Adm. direktør Varden orienterte om:

Status korona

- Svært mykje smitte i vårt område, med fråvær av alvorleg sjuke pasientar
- Nær alle pasientar som er innlagde med covid-19 i Helse Førde, er det på grunn av anna sjukdom
- Fråvær av personale er største risikoen med covid-19 for Helse Førde per no
- Helse Førde ser positivt på pandemisituasjonen

Ukraina:

Viktig at vi tek i vare alle partar hjå våre tilsette og pasientar. Artikkel er lagt på intranett om «Vis omtanke for dei som kjenner på krigen»

Beredskap:

- Mottak av flyktningar

- Mottak av skadde pasientar/tilsvarande, vert koordinert av Helse Bergen. Kan medføre omrokkingar av pasientbehandling. Kan påverke evna til «å ta unna» listepasientar

CBRNE-beredskap:

- Gjennomgang av tilfluktsrom ved Førde sentralsjukehus og Lærdal sjukehus
- Fordeling av vernedrakter til ambulanse, Førde sentralsjukehus, Lærdal sjukehus og Nordfjord sjukehus
- Planlagt opplæring av 48 sjukepleiarar ved sjukehusa
- Fordeling av jodtablettar (atombåtar)

Kst. fagdirektør Kjørlaus orienterte om organisering og fordeling av jodtablettar.

5. Psykisk helsevern - status

Direktør Tvedt orienterte om:

Status i Psykisk helsevern vaksne og tverrfagleg spesialisert rusbehandling

- Auke i tilvisingar, tal ventande og ventetid for vaksne. Ventetid var 37 dagar i februar.
- Utviding av rustilbod ved Tronvik. Er styresak til styremøte i Helse Vest RHF 23. mars, med forslag om utviding til fem regionale plassar

Psykisk helsevern born og unge

BUP har stort press. Det vil ta tid å ta unna kø og redusere ventetid. Innfører vurderingssamtale for tilvisingar der det er tvil om rett til helsehjelp. Gjeld framleis få i Helse Førde.

Styret ønskjer denne orienteringa innom styret for å følge tett

6. Status EPJ og nye IKT-system

Kst. fagdirektør Kjørlaus orienterte om innføring av kliniske IKT-fagsystem, med status og risikobilde

- DIPS Arena, vert innført i mai
- Meona, oppgraderingar - forseinkingar
- Cytodose v2, blir innført i juni
- Orbit, innført i mars
- Unilab, sårbart knytt til manglande tilgangsstyring og logging, er meldt til Datatilsynet

Vi har eit omfattande komplisert klinisk fagsystem i Helse Førde.

7. Befolkningsundersøking

Kommunikasjonssjef Ulvedal orienterte om Befolkningsundersøkinga frå Helse Vest (tidl. omdømmemåling)

Målet er å kartlegge folks tiltru til at dei får den behandling dei treng dersom dei blir sjuke.

I Helse Førde har 94% stor tiltru til at dei får den behandlinga dei treng.

8. Forbetringsundersøking

HR-direktør Skjelten orienterte om Forbetringsundersøkinga, som er ei intern undersøking.

Deltaking i Helse Førde var 70,73% i 2022 (var 76,85 % i 2021).
Gjennomsnittskår er 81,5 for både 2021 og 2022.

Psykososialt arbeidsmiljø viser høgare skår. Lederatferd for medarbeidarar viser auka skår. Totalt har Helse Førde god skår. Oppfølging av undersøkinga er viktig.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek orienteringa til vitende.

Sak 012/2022 Rapportering frå verksemda per februar 2022

Oppsummering:

Administrerende direktør Varden innleia rapportering med si vurdering:

- For pasientar som har starta behandling, er ventetida vedvarande høg på rundt 70
- Vurderinga er at total ventetid i Helse Førde er for høg
- Innan psykisk helsevern er ventetida for barn og unge som har starta behandling noko på veg nedover
- Det vart registrert 119 nye fristbrot i februar
- Aktivitet: Nytilviste til no i år er ein prosent lågare enn same periode i fjor. Samtidig har vi avslutta seks prosent fleire pasientkontaktar enn same periode i fjor
- Resultat i perioden er positivt med 6,4 millionar, som er 3,9 millionar betre enn budsjett
- Til no i år er resultatet minus 1,8 millionar, som er 6,8 millionar bak budsjett. Hovudårsaka er nedgang i aktivitet og høgt sjukefråvær
- Sjukefråværet var 7,7 prosent i januar

Innspel frå leiarsamlinga 10. mars var at fleire møter bør bli digitale.

Kst. fagdirektør Kjørlaug orienterte om: Kvalitet og pasienttryggleik

- Gjennomsnittleg ventetid – helsehjelp starta i perioden, viser 70 for somatiske avdelingar
- Gjennomsnittleg ventetid – ventande ved periodeslutt, viser 65 dagar for somatiske avdelingar
- Fristbrot oppstått i perioden, viser 119 nye i februar

Rapportering, iht årshjulet:

- Belegg på sengepost, totalbelegg viser 70 prosent
- Korridorpasientar, viser 0,9 prosent
- Utlokaliserte pasientar (pasientar som ikkje ligg på sengeposten til si avdeling), viser 1,5 prosent i somatikk

Økonomidirektør Helleseth orienterte om: Aktivitet, bemanning og økonomi

Overordna pasientflyt per februar viser

Nytilviste 5 613	Totalkø 47 687	Avslutta 5 582
------------------	----------------	----------------

Aktivitet i somatikk hittil, viser 7,3 prosent lågare enn budsjett. Til no i år er aktiviteten 93,3 prosent målt mot budsjett. Aktivitet i psykisk helsevern viser bak plan, men høgare enn fjoråret på same tid.

Resultatet til no i år er påverka av lågare aktivitet enn planlagt og høgt sjukefråvær.

Resultat i perioden er positivt med 6,4 millionar, som er 3,9 millionar betre enn budsjett. Til no i år er resultatet minus 1,8 millionar, som er 6,8 millionar bak budsjett.

HR-direktør Skjelten orienterte om utvikling i sjukefråværet

Oversikt for januar var grei. Februar viser hittil 10,37%. Totalfråværet er betrakteleg høgare. Dersom trenden fortset å gå nedover, så er vi på rett veg.

Utvikling sjukefråvær Helse Vest per oktober – februar, viser at Helse Førde har lågaste tall i regionen.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per desember 2021 til vitende.

Sak 013/2022 Årsmelding 2021 - Helse Førde HF

Oppsummering:

Helseføretaka er pliktige til å følge rekneskapslova etter lov om spesialisthelseteneste. I følge paragraf 3-1 i rekneskapslova skal rekneskapspliktige for kvart år utarbeide årsrekneskap og årsmelding. Etter tilråding i styret skal årsmelding for 2021 sendast vidare til styret i Helse Vest RHF og føretaksmøte for endeleg vedtak.

Adm. direktør Varden orienterte om årsmelding 2021.

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjenner Helse Førde HF si årsmelding for 2021.

Sak 014/2022 Årsrekneskap 2021 - Helse Førde HF

Oppsummering:

Helseføretaka er pliktige til å følge rekneskapslova etter lov om spesialisthelseteneste. I følge paragraf 3-1 i rekneskapslova skal rekneskapspliktige for kvart år utarbeide årsrekneskap og årsmelding. Etter tilråding i styret skal årsrekneskap med notar for 2021 sendast vidare til styret i Helse Vest RHF og føretaksmøte for endeleg vedtak. Årsresultat for 2021 vart eit overskot på 26,2 millionar.

Adm. direktør Varden orienterte om årsrekneskap 2021.

Dei tilsette har levert godt også i 2021. Hovudårsak til avvik mot budsjett er knytt til økonomiske konsekvensar av pandemien.

Økonomidirektør Hellesteth orienterte om årsrekneskap 2021.

Årsresultat 2021 er 26,2 millionar, som er 7,8 millionar lågare enn budsjett. Overskotet skal som hovudpunkt brukast til investeringar, samt reserve. Avviket er i hovudpunkt knytta til pandemien. Den underliggande drifta er i balanse.

Resultat 2021 i høve budsjett er eit godt resultat tatt i betraktning pandemien. Avviket på 8 millionar tilsvarar skilnaden på løyvde midlar og estimerte kostnader knytt til pandemien.

Det er gjort ei endring i ei note i årsrekneskapen, samanlikna med det som var utsendt.

Revisor Solheimslid orienterte om revisors rapportering 2021, som er skriftleg kommunikasjon med styret etter revisorlova § 9-5

- 1) Kommunikasjon, revisjonsstrategi og risikovurdering
- 2) Observasjonar og anbefalingar
- 3) Andre forhold som er diskutert med leiinga
- 4) Konklusjon

LUKKA DEL:

Aksjelova § 7-5a

Lukka møte mellom revisor og styret.

OPEN DEL:

Styret kommenterte at årsmeldinga var svært velskriven.

Styret kommenterte:

- *Samfunnsansvar er lite dekket, må tillegkast større vekt for ettertida*
- *Helse Vest RHF hadde ei styresak i fjor om klima og berekraftvurdering. Dette blir tema i styreseminar 24. mars*
- *Note 6 «Lønn og andre godtgjersler», helseføretaket sine retningsliner for leiarløn skal leggjast fram for føretaksmøte i 2022*
- *Helse Vest har rapport om samfunnsansvar, kunne vore omtalt av helseføretaka. Dette kan inngå som del i årsberetninga, legge fram for styret.*

Styret gav honnør til organisasjonen for arbeid som er gjort i 2021.

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjenner Helse Førde HF sitt årsrekneskap med notar for 2021.

Sak 015/2022 Styringsdokument 2022 for Helse Førde HF

Oppsummering:

Styringsdokumentet klargjer premissane og rammene som gjeld for verksemda, og inneheld mål, oppgåver og resultatkrav til Helse Førde HF.

Helseføretaka skal innrette verksemda si med sikte på å nå overordna hovudmål:

1. Styrke psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
2. Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasienttryggleik
3. Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp

Styringsdokumentet har overordna føringar om:

- Helsefremjande samfunn
- Pandemisituasjonen og beredskap
- Samhandling
- Openheit, respekt og medverking
- Kvalitetsforbetring, pasienttryggleik og forskning
- Aktivitet og arbeidsdeltaking
- Overordna strategi i Helse 2035 og utviklingsplanar
- Oppfølging av styringsbodskapen
- Deltaking i regionale prosjekt

Styringsdokument 2022 for Helse Førde HF vart vedteke i føretaksmøte i Helse Førde HF 23. februar 2022. Styringsdokumentet vart deretter framlagt som sak til styret i Helse Førde HF 18. mars 2022.

Adm. direktør Varden og utviklingsdirektør Kleiven orienterte om styringsdokument 2022.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek «Styringsdokument 2022 for Helse Førde HF» til vitende.

Sak 016/2022 Risikostyring 2022

Oppsummering:

Helse Vest har peika ut fem risikoar som alle føretaka i vest skal arbeide med:

- Legemiddelområdet
- Vald og trugslar mot medarbeidarar
- IKT og informasjonssikkerheit
- Ekstern turnover
- Uønskt variasjon – radiologi og ortopedi

Helse Førde har i tillegg valt ut rekruttering og økonomi som sentrale område.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek orientering om risikostyring 2022 til vitende og ber administrerande direktør rapportere status etter første tertial.

Sak 017/2022 Leiinga sin gjennomgang 3. tertial 2021

Oppsummering:

Leiinga sin gjennomgang skal gjennomførast for å sikre at styringssystemet er fungerande, at det er i samsvar med lover og føreskrifter, og i kontinuerleg forbetring. Frå og med 3. tertial 2021 vert Leiinga sin gjennomgang i Helse Førde gjennomført etter kvart tertial. Saka blir lagt fram for styret etter gjennomgang i føretaksleiinga, og er basert på klinikkane sin gjennomgang av status.

Gjennomgangen syner status på desse tema:

1. Status med oppdrag i styringsdokumentet
2. Kvalitetsindikatorar med kommentarar
3. Vurderingar av tilstrekkelege ressursar og kompetanse
4. Vurderingar av risikoane i føretaket med tiltak innanfor:
 - a. Kvalitet og pasienttryggleik
 - b. Medarbeidardimensjon
 - c. Økonomi
5. Utviklingsarbeid og endringar i tenestetilbod
6. Administrerande direktør si vurdering

Adm. direktør Varden orienterte om leiinga sin gjennomgang, som vi no vil prøve med ein tertialvis gjennomgang.

Styret kommenterte at leiinga sin gjennomgang er eit godt dokument, har ei god rapportform og er klinikknært i oppbygginga. Det er viktig at leiinga sin gjennomgang heng saman med risikostyring, det blir då eit nytt reiskap.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek Leiinga sin gjennomgang 3. tertial 2021 til orientering.

Saker til orientering:

Sak 018/2022 Nye Førde sjukehus - løypemelding

Oppsummering:

Prosjekt Nye Førde sjukehus er i god rute med å gjennomføre planlagt arbeid, både for ombyggingsarbeid og nybygget. Samarbeidet og dialogen med totalentreprenør Veidekke, tekniske underentreprenørar, rådgjevarar og arkitekt er god.

Sjukefråvær knytt til Covid, har medført at framdrifta i prosjektet er ca. ei veke etter planen, og nødvendige tiltak er satt inn.

Sluttprognosen for ombyggingsarbeidet i Svana 1 har utvikla seg positivt med ein reduksjon på 2 millionar.

Adm. direktør Varden innleia med bilde av byggearbeidet i Livabygget som vert åtte etasjar.

Adm. direktør Varden orienterte om at den store risikoen i Nye Førde sjukehus er knytt til differansen mellom kostnadsutviklingsindeks for byggeprosjekt og deflator.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek løypemeldinga til vitende.

Sak 019/2022 Revidert regional retningslinje for varsling

Oppsummering:

Helse Vest har i samarbeid med helseføretaka hatt mange tiltak og lagt til rette for å utvikle ein god meldekultur og openheitskultur over mange år. Det har vore deltakarar frå alle føretak, HMS-leiarar, tillitsvalde og vernetenesta med i arbeidet.

I tråd med endringar i arbeidsmiljølova er retningslinjene reviderte, og lagt fram for styret i Helse Vest RHF 15. februar 2022, jf. sak 013/22.

Vedtak (samrøystes):

Styret legg til grunn at retningslinja og prosessen for handtering av varsel blir innført i Helse Førde i tråd med styresak og vedtak i Helse Vest.

Sak 020/2022 Eventuelt

Styreleiar Krakhellen orienterte om:

- Styremøte 30. mai vert flytta til 13. mai, med møtestad Førde. Om mulig vert det styreseminar kvelden 12. mai
- Samling for nye styreleiarar og styremedlemmer var 10. mars. Presentasjonar blir utsendt til heile styret
- Det blir styreseminar 24. mars i Stavanger

Vedtak (samrøystes):

Styret tek «Skriv og meldingar» til vitende.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt til styret:

- Vedtekter for Helse Førde HF, sist endra 23.02.2022
- Brev frå Helse Vest vedr. «Konsernbudsjett 2022 – justering av inntektsramma til helseføretaka», datert 21.02.2022
- Utviklingsplan Helse Førde 2021 - 2035

Følgjande skriv og meldingar var utdelt i møtet:

- Notat vedr. «Vedtak – Flytting av dagbil frå Luster til Sogndal ambulansestasjon», datert 14.03.2022
- Brev til Fylkesutvalet vedr. «PS 54/2022 Beredskapssamband ferje mellom Askvoll og Atløy», datert 07.03.2022

LUKKA DEL:

Sak 021/2022 Lønsforhandlingar 2022 – fullmakt *Helseføretakslova §26a*

Tilsettere representantane Thorsnes, Aven, Kapstad og Sunde Kvile deltok ikkje ved handsaming av saka. I tillegg hadde styremedlem Hermansen permisjon ved handsaming av denne saka.

HR-direktør Skjelten orienterte om lønsforhandlingar og fullmakt.

Vedtak (samrøystes):

Styret gir administrerende direktør fullmakt til å gjennomføre lønsforhandlingar i tråd med resultatet i Spekterområdet og innanfor ansvarlege økonomiske rammer.

Ref. Berit Irene Haarklau
18.03.2022

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Marit Hermansen	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem